



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1900 - 21/22618

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
06.04.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 11/84 Hølleland

Tiltak: Dispensasjon frå plankrav og byggeforbodet i strandsona
Byggjestad: Gbnr: 11/84
Tiltakshavar: Øyvind Hosøy
Ansvarleg søkjar: Øyvind Hosøy

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Plan- og bygningslova (pbl) § 21-6 legg til grunn at bygningsmynde ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknadar, med mindre plan- og bygningslova krev det. Dersom det er «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har nødvendige private rettigheter som søknaden føreset, «skal søknaden avvises».

I søknad om dispensasjon er ikkje vegrett dokumentert. I merknad frå nabo, Dianna og Trond Kilvær (gbnr 11/102), er det vist til at tiltakshavar ikkje har vegrett over deira eigedom.

I telefonsamtale før søknad vart sendt inn, forstod vi det slik at tiltakshavar har vegrett, men at innhaldet i vegretten er uavklart og skal avklarast ved jordskifte.

Før kommunen kan handsame søknad om dispensasjon må det dokumenterast ein vegrett over dei eigedomane som vil bli berørt av veg fram til gbnr 11/84. Er det klart at de ikkje har vegrett, må kommunen avvise søknaden. Viss de har vegrett, må kommunen ta stilling til innhaldet i slik grad at vi må avklare om vi har plikt til å avvise søknaden eller om innhaldet er tilstrekkeleg til at vi kan handsame søknaden før endeleg avklaring ved jordskifte.

Før kommunen kan sende søknaden på høyring til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune, må det sendast inn skisser av tiltaket som viser omfanget av opparbeidinga som er tenkt. På skissene må eventuelle skjeringar og fyllingar visast.

Vidare følgjer det av pbl §§ 27-1 og 27-2 at bygningar skal ha tilgang på betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt slokkevatn, og bortføring av avlaup. I merknad frå Elin og Ørjan Storsæet (gbnr 11/38) er det vist til at tiltaket vil krysse vassrør til eigedomen og kan få konsekvensar for deira vatn. Kommunen ber om ei vurdering av kva konsekvensar framføring av veg vil kunne få for vatn og avlaup i området.

Søknaden må også nabovarlast i tråd med pbl § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.05.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden. Viss de ikkje kan dokumentere det ovannemnde, eller ønskjer å få avklart saka ved jordskifte først, kan de trekke søknaden. Vi ber i så tilfelle om tilbakemelding på det innan fristen.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Asle Henriksbø	Tippaugen 8	5252	SØREIDGREND
Berit Dianne Kilvær	Forskjønnelsen 7 F	5022	BERGEN
Elin Storsæet	Elvavegen 77	5918	FREKHAUG
Trond Kilvær	Forskjønnelsen 7 F	5022	BERGEN
Ørjan Storsæet	Elvavegen 77	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Øyvind Hosøy	Markaneset 66	5251	SØREIDGREND
--------------	---------------	------	-------------